

Fjell kommune er kåret til Årets kulturkommune 2017 i Hordaland og fylkets kandidat til prisen Norges kulturkommune 2017.

Grunngjeving

I kåring av årets kulturkommune vert det lagt vekt på kommunen sitt generelle arbeid med tilrettelegging av gode ordningar. Det handlar om langsiktig arbeid, overordna tenking og god politisk forankring i tråd med kulturlova. Det handlar vidare om godt samarbeid på tvers av offentleg, frivillig og privat sektor der dialog, positive haldningar og løysningsorienterte tilnærmingar står sentralt. For 2017 vil også kommunen sitt arbeid med kultur relatert til integrering og folkehelse verta tillagt vekt.

Det er fleire svært gode kandidatar som har vore til vurdering. Dei er markante kulturkommunar som kvar for seg har gjort kultur til ein viktig faktor i det lokale utviklingsarbeidet. Gjennom langsiktige og målretta tiltak har dei etablert kulturpolitiske satsingar som svarer på dei lokale behova og er innretta etter folketal og geografi. Dei er føredøme for andre. Juryen har difor hatt ei krevjande oppgåve.

Fjell kommune har i mange år hatt eit sterkt fokus på kulturarva og korleis denne skal takast vare på for kommande generasjonar. Kommunen har gjennom ei tverrpolitisk samd overordna og langsiktig satsing hatt kultur som prioritert arbeidsfelt. Kultursatsinga i Fjell er brei og involverer mange gode krefter og god vilje hjå innbyggjarane i kommunen, både frivillige og private næringslivsaktørar.

Dei mange tenestetilboda som kommunen no tilbyr innbyggjarane, er gode eksempel på Kulturlova sin tanke om å leggja til rette for eit stort og blømande kulturliv. Tenestetilboda når alle innbyggjarane, frå dei aller minste til dei aller eldste. Tilboda i Fjell famnar om både dei meir tradisjonelle tenestene som folkeboksamling, frivilligsentral, idrett – og fritidsklubbar, og nyskapande tilbod som «*e-cultura – be the future*» og avvikling av årleg kultur- og idrettsgalla der dei mange lokale helter og eldsjeler får fortent heider og ros.

Flyktningkrise i 2015 innebar utfordringar for Fjell kommune. Utfordringane med flyktningstraumen vart handtert i samarbeid med frivillig innsats og innebar både store kulturarrangement og oppretting av eigen digital frivilligportal for alle de som ynskte hjelpa til i krise. Både tiltak har vore til inspirasjon for andre kommunar og er gode døme på kva kraft kultur kan ha i krisesituasjonar og kva kraft det ligg i frivillig innsats.

Juryen ser Fjell kommune si kultursatsing som holistisk, framoverlent, inkluderande og innbydande. Fjell kommune er bevisst og tydeleg i satsinga på lokalt kulturliv. Kommunen tør å utfordra og eksperimentere og lykkast også ofte med utviklingsprosjekta sine.

Juryen er stolte av å kunna nominera Fjell kommune som Hordaland sin kandidat til å få prisen «Årets kulturkommune».

Om Juryen

Juryen i Hordaland har vore satt saman av fung. fylkesordførar Pål Kårbø, kst fylkesdirektør kultur og idrett Per Morten Ekerhovd og leiar i NOKU Hordaland, Gunnhild Utkvitne.

Om prisen «Årets kulturkommune»

Frå Norsk kulturforum heiter det fylgjande om prisen: «*Prisen Norges kulturkommune er en anerkjennelse av kommuner som jobber godt med hele bredden av kulturlivets utfordringer og muligheter, der både offentlige, frivillige og private aktører har sin plass og rolle i et helhetlig lokalt kulturliv. Norsk kulturforum ønsker gjennom prisen å synliggjøre godt lokalt kulturarbeid der hele befolkningen gis mulighet for meningsfull egenaktivitet og gode kulturopplevelser, i tråd med kulturlovens intensjoner.*»

Prisen vert delt ut av Norsk kulturforum (NOKU) kvart andre år. Prisen vart fyrste gong delt ut i 1992. Bergen kommune fekk prisen i 2001, men ingen andre Hordalandskommuner har så langt fått denne gjeve utmerkinga.